


Eselbarnet

 Lindiwe Matshikiza

 Meghan Judge

 Marzieh Mohammadian Haghghi

 persisk / nynorsk

 nivå 3

(uten bilder)

آن دختر کوچک بود که اول آن شکل مرموز را از فاصله ی دور دید.

...

Det var ei lita jente som først såg den mystiske skikkelsen i det fjerne.

وقتی که شکل نزدیکتر شد، او دید که آن یک زن باردار سنگین است.

...

Etter kvart som skikkelsen kom nærare, såg ho at det var ei høggravid kvinne.

با کمرویی اما شجاعانه، دختر کوچک به آن زن نزدیک شد. خانواده ی آن دختر کوچک تصمیم گرفتند که “ما باید او را پیش خودمان نگه داریم. ما از او و کودکش مراقبت خواهیم کرد.”

...

Sjenert, men modig gjekk den vesle jenta nærare kvinna. “Vi må halda på henne her hos oss”, bestemte dei som var med den vesle jenta. “Vi skal verna henne og barnet hennar.”

بچه داشت به دنیا می آمد. "فشار بده!" "پتو بیاورید!" "آب!"
"فشاشاشاشاشار بده!"

...

Barnet var snart på veg. "Trykk!" "Hent pledd!"
"Vatn!" "Tryyyykk!"

ولی وقتی آنها بچه را دیدند، همگی از تعجب به عقب پریدند. "یک خرا؟"

...

Men då dei fekk sjå babyen, veik alle tilbake i sjokk. "Eit esel?"

همگی شروع به بحث کردند. عده ای گفتند: “ما قرار گذاشته بودیم که از مادر و نوزاد او مراقبت کنیم، و سر قولمان خواهیم ماند”. اما دیگران گفتند که “اینها برایمان بدشانسی می آورند!”

...

Alle saman byrja å krangla. “Vi sa vi skulle verna mor og barn, og det skal vi gjera”, sa nokon. “Men dei kjem til å bringa ulukke!” sa andre.

بنابراین آن زن دوباره خودش را تنها یافت. او پیش خودش فکر کرد که با این بچه ی عجیب و غریب چه می تواند بکند. او فکر کرد که با خودش چه کند.

...

Og slik var det at kvinna vart åleine igjen. Ho lurte på kva ho skulle gjera med dette rare barnet. Ho lurte på kva ho skulle gjera med seg sjølv.

اما در آخر او مجبور شد بپذیرد که آن خر، بچه ی اوست و او مادرش
است.

...

Men til slutt godtok ho at han var barnet hennar
og at ho var mor hans.

حالا اگر بچه همانقدر کوچک می ماند همه چیز می توانست متفاوت باشد. اما آن کره خر بزرگ و بزرگتر شد تا اینکه دیگر نمی توانست روی کمر مادرش جا بگیرد. و با اینکه خیلی تلاش می کرد نمی توانست مانند یک انسان عمل کند. مادرش اغلب خسته و درمانده بود. بعضی وقت ها او را مجبور می کرد که کارهایی انجام دهد که مخصوص حیوانات است.

...

Viss berre barnet hadde halde på den vesle storleiken, hadde alt kanskje vore annleis. Men eselbarnet voks og voks heilt til han ikkje lenger fekk plass på ryggen til mora. Og uansett kor hardt han freista, klarte han ikkje å oppføra seg som eit menneske. Mor hans var ofte sliten og frustrert. Nokre gongar sette ho han til å gjera arbeid som var meint for dyr.

احساس سردرگمی و عصبانیت در درون خر به وجود آمد. او نه می توانست این کار را انجام بدهد و نه آن کار را. او نه می توانست مانند انسان باشد و نه مانند حیوان. او به حدی عصبانی شد که یک روز مادرش را لگد زد و به زمین انداخت.

...

Esel vart fylt av forvirring og sinne. Han kunne ikkje gjera ditt og han kunne ikkje gjera datt. Han kunne ikkje vera på éin måte og han kunne ikkje vera på ein annan måte. Han vart så sint at han ein dag sparka ned huset til mor si.

خرشديدا احساس پشيمانی کرد. او شروع به فرار کرد و تا جایی که
می توانست سریعاً دور شد.

...

Esel skamma seg. Han byrja å springa vekk så fort
han kunne.

زمانی که دویدن را متوقف کرد، شب شده بود، و خرگم شده بود.
“عرعر؟” در تاریکی به آرامی زمزمه می کرد. “عرعر؟” صدای
عرعرش انعکاس داشت. او تنها بود. در یک گودی سفت دور خودش
پیچید، او به یک خواب عمیق و آزار دهنده رفت.

...

Når han hadde slutta å springa, var det vorte kveld, og Esel hadde gått seg vill. “Hi ha”, kviskra han inn i mørket. “Hi ha?” lydde ekkoet. Han var åleine. Han krøkte seg saman til ein liten ball og fall i ein djup og forstyrtra søvn.

زمانی که خر بیدار شد دید که یک مرد عجیب و غریب مسن به او
خیره شده است. او در چشمان او نگاه کرد و ذره ای احساس
امیدواری کرد.

...

Esel vakna opp til ein merkeleg gammal mann
som stira ned på han. Han såg inn i auga til den
gamle mannen og byrja å kjenna ein snev av håp.

خر رفت که با آن مرد مسن زندگی کند. او به خر یاد داد که چگونه به بقای زندگی خود ادامه دهد. خر به حرف های او گوش داد و از او یاد گرفت و همین طور مرد مسن. آنها به یکدیگر کمک می کردند و با هم می خندیدند.

...

Esel drog for å bu med den gamle mannen, som lærte han mange ulike måtar å overleva på. Esel lytta og lærte, og det gjorde den gamle mannen òg. Dei hjelpte kvarandre og dei lo saman.

یک روز صبح، مرد مسن از خر خواست که او را به بالای کوه ببرد.

...

Ein morgon bad den gamle mannen Esel om å bera han opp til toppen av eit fjell.

بر فراز قله ی کوه در میان ابرها آنها به خواب رفتند. خر خواب دید
که مادرش مریض است و او را صدا می زند. و وقتی که او بیدار
شد...

...

Høgt oppe blant skyene sovna dei. Esel drøymde
at mor hans var sjuk og ropte på han. Og då han
vakna ...

ابرها به همراه دوستش، آن مرد مسن ناپدید شده بودند.

...

... hadde skyene forsvunne, liksom venen hans,
den gamle mannen.

خر نهایتا متوجه شد که باید چه کاری انجام دهد.

...

Esel visste endelig kva han skulle gjera.

خر مادرش را پیدا کرد، تنها و در ماتم از دست دادن فرزندش. آنها به مدت طولانی به هم خیره شدند. و سپس خیلی محکم همدیگر را در آغوش گرفتند.

...

Esel fann mor si som var åleine, og sørgde over tapet av barnet sitt. Dei stira på kvarandre lengje. Og så klemde dei kvarandre veldig hardt.

کره خر و مادرش با هم بزرگ شدند و راه های زیادی را برای کنار هم زندگی کردن پیدا کردند. کم کم، همه ی اطرافیان شان، دیگر خانواده ها در آنجا شروع به زندگی کردند.

...

Eselbarnet og mor hans har utvikla seg i fellesskap og funne mange måtar å leva side ved side. Sakte men sikkert har andre familiar byrja å slå seg ned rundt dei.



Barnebøker for Norge

barneboker.no

کره خر

Eselbarnet

Skrevet av: Lindiwe Matshikiza

Illustret av: Meghan Judge

Oversatt av: Marzieh Mohammadian Haghighi (fa), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons
[Navngivelse 4.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).